



Foto: Signe Vreim Østtvæit

ÅRSMELDING BØ SOKNERÅD 2022

Godkjent i Bø sokneråd 7. mars 2023

1 INNHOLD

2 Innleiing	3
3 Særskilte hendingar i 2022	3
4 Gudstenesteliv.....	6
4.1 Ulike gudstenester.....	6
4.2 Høgmesse	6
4.3 Familiegudsteneste	6
4.4 Kveldsgudsteneste.....	7
4.5 Frivillig klokkarteneste og powerpointstyring.....	7
5 Gravferd.....	7
6 Vigsel	7
7 Trusopplæring	7
7.1 Dåpssamtale og dåpsgudsteneste	7
7.2 Babysong og musikkleik (alder: 1 år)	7
7.3 Familiedag på Jønnbu Fjellkyrkje (alder: 3-5 år).....	8
7.4 Søndagsskulen (alder: 3-9 år)	8
7.5 Utdeling av 4-årsbok (alder: 4 år).....	8
7.6 Karnevalsgudsteneste med førebuande samling. Utdeling av 6-årsbok (alder: 6 år).....	8
7.7 Juleforestillingar (alder: 9 år)	9
7.8 Orgelkids-samling/Internasjonal gudsteneste og måltid (alder: 8 år)	
7.9 Give me Five (minikonfirmantar) (alder: 10-11 år)	9
7.10 Fordjupning i Bibelgjengen (alder: 10-12 år).....	9
7.11 24-Hours Festival (alder: 11-13 år).....	9
7.12 Mesternes mester (alder: 12 år)	9
7.13 Konfirmasjon (alder: 14-15 år)	9
7.14 Z-ungdom	10
7.16 Korarbeid og orgelklubb	11
8 Diakoni.....	11
8.1 Diakoniutval.....	11
8.2 Tru og lys	12
8.3 Kirkens Nødhjelp	12
8.4 Bøn for bygda	12
9 Misjonsprosjektet.....	12
10 Givarteneste	13

12. mars 2022



Årsmelding Bø sokneråd 2022

11	Kultur	13
12	Rådsarbeid.....	13
12.1	Soknerådet	13
12.2	Utval	14
12.2.1	Arbeidsutval.....	14
13	Informasjonsarbeid	13
13.1	Bø kyrkjeblad.....	13
14	Personal og økonomi.....	
14.2	Fellesrådstilsette	14
14.3	Økonomi	15

12. mars 2022



2 INNLEIING

Bø sokneråd arbeider under visjonen "***Vi vil skapa ein møteplass mellom Gud og menneske og menneske i mellom***". Saman med mange frivillige og staben er det mange gode møteplassar og aktivitetar gjennom året.

3 SÆRSKILTE HENDINGAR I 2022

Bispevisitas

Biskop Stein Reinertsen visiterte Bø sokn og Sauherad og Nes sokn i tida 29. november – 4. desember. Programmet for visitasen fremgår nedanfor:

VISITASPROGRAM BØ OG SAUHERAD 2022

KL.	PROGRAMPOSTAR	ANSVARLEG
	TYSDAG 29. NOVEMBER	
10.00	Oppstartsmøte kyrkjekontoret, Nes menighetshus	Biskopen
11.00	Formiddagstreff Nes Menighetshus. Andakt ved diakonen	Diakon
14.00	Bønn for bygda til 14.45	Sokneprest Bø
15.15	Tweens	Trusopplærar Sauherad
16.30	Middag med stabane Aarnes	Kyrkjeverje og prost
19.00	Kulturkveld i Sauherad kyrkje. Tema: Kyrkjeklokker	Kantorar og sokneprestar
	ONSDAG 30. NOVEMBER	
08.15	Samtale med kyrkjeverja i Midt-Telemark (kontoret, Gvarv)	Biskop
09.00	Samtale med sokneprest i Sauherad og Nes (kontoret Gvarv)	Biskop
09.45	Samtale med andre tilsette (kontoret Gvarv)	Biskop
11.00	Arbeidslunsj med kommunen på Heradshuset i Bø	Kyrkjeverje
13.30	Bø vidaregåande skule (til 15.00) 3. trinn. Møter i to økter på 40 minutt.	Sokneprest i Bø
15.30	Samtale med soknepresten i Bø (Bø kyrkjekontor)	Biskopen
16.15	Samtale med andre tilsette	Biskopen
16.45	Samtale med soknerådsleiar i Bø (Bø kyrkjekontor)	Biskopen
17.15	Samtale med soknerådsleiar i Sauherad (Bø kyrkjekontor)	Biskopen

12. mars 2022



Årsmelding Bø sokneråd 2022

18.30	Opptaksfest for Speidarane. Jønnbu Fjellkyrkje. Graut og kaffi	Sokneprest i Bø
21.30	Kveldsbøn i Bø kyrkje. Bø kyrkjekor deltek. Andakt ved Axel Bugge. Biskopen lyser velsigninga.	Sokneprest, Organist og korleiar
	TORSDAG 1. DESEMBER	
08.15	Besøk hos KIRKUS	Dagleg leiar KIRKUS
09.00	Samtale med diakon (kontoret i Bø)	Biskop
10.00	Babysong	Korleiar
11.00	Enkel lunsj på Soar. Økumenikk og ledelse (til 13.00)	Sokneprest i Bø
13.00	Besøk på Sagavoll	Sokneprest Sauherad og Nes
15.00	SingLett på Bø bedehus	Korleiar
16.30	Middag med sokneråda på Evju	Kyrkjeverje og prost
19.00	Salmekveld i Nes kyrkje- Andakt ved Sokneprest Anne-Inger Lunner.	Kantor og sokneprest Sauherad
	SØNDAG 4. DESEMBER	
11.00	Visitasgudsteneste i Bø kyrkje. Visitasforedrag. Tekstlesarar er ordførar og varaordførar. Biskopen preikar, forrettar nattverden og lyser velsigninga. Kyrkjekaffi på Bø bedehus	Sokneprestar og kantor Soknerådet

Biskopen oppsummerte visitasen med eit visitasforedrag etter gudstenesta sundag 4. desember. Han trekte fram sju punkter som utfordringar til kyrkjelydane. Desse framgår under:

1. *Dere har et godt utbygd trosopplæringstilbud. Ut fra de erfaringer dere har gjort, oppfordrer jeg dere til å utnytte synergien av de mange gode kontinuerlige tiltakene til å skape nye punktuelle breddetiltak.*
2. *Dere har i flere år drevet et godt arbeid overfor konfirmantene og ungdomsledere gjennom «Ønsket og elsket». Mange ungdommer har også gode erfaringer fra møter med menighetene gjennom trosopplæringstiltakene (bredde- og kontinuerlige), korarbeid og speideren mm. Jeg vil nå oppfordre dere nå til å se på hvordan dere ut fra disse kan bygge ut et lokalt ungdomsarbeid. Her ligger det også en mulighet i samarbeid med bedehuset.*
3. *Forsett å bygg på den gode kontakten dere har med skole og barnehage. Jeg oppfordrer dere til å la denne kontakten nedfelle seg i en kirke-skole/barnehage plan.*

12. mars 2022

Årsmelding Bø sokneråd 2022

Møtet med kommunen viste også at det er stor velvilje til å invitere menighetene med i samskapingen lokalt og å skrive menighetene inn i kommunens planer f.eks. diakoni/helse, oppvekst og kultur. Vær med å gi innspill i den prosessen.

4. *Det er allerede startet opp et arbeid i soknerådene i forhold til å arbeide mer med frivillighet. Dette bør være et fokusområde i tiden som kommer Det er viktig både for å nå lenger ut med arbeidet og også i forhold til samskapningen med kommunen.*
5. *Jeg vil også oppmuntre dere til å jobbe videre med opprettingen av bibelgrupper og samtalegrupper og å se på hvordan dere kan nå gruppen av unge familier.*
6. *Til Bø sogneråd vil jeg si at jeg oppfordrer dere til å få gjennomført ombyggingen av kapellbygningen på Bøhaugen. Det er et godt prosjekt. Tenk strategisk og kreativt hvordan dere kan få realisert disse planene under de forutsetningene dere har.*
7. *Til dere begge: Dere har siden siste visitaser vist en evne og vilje til målrettet arbeid. I tiden som ligger foran oppfordrer jeg og oppmuntrer jeg dere til å ha drømmer og tanker om hvordan menighetene i Sauherad og Bø kan nå enda lenger ut i lokalmiljøet slik at flere mennesker skal få oppleve tilhørighet til kirka og berøres av dens budskap.*

Det er fyrste gong Bø kyrkjelyd har visitas saman med Sauherad og Nes sokn og det har vore ei positiv oppleving å vere i lag under visitasen. Sokneråd og stab vil arbeide vidare med dei sju utfordringar biskopen har gjeve oss.

Ny kapellan

Etter at kapellan Kristian Gotehus Køhn slutta som kapellan september 2021 og gjekk over som studentprest i Bø, har kapellanstillingen vore utlyst tre gonger utan at det har vært søker med fullført cand. teol. Stillingen har vore besatt av prestevikar Ivar Solbu og stud. theol Levi Korsveien frå sommaren og ut året.

KIRKUS

Kirkelig kultursenter sør – KIRKUS hadde offisiell opning i september 2022, og har tilholdsstad på kyrkjekontoret i Bø. KIRKUS skal vera eit regionalt kompetansesenter for frivillige og kulturarbeidar i kyrkja Vi er stolte over at Bø har eit senter som har spisskompetanse innan metodikk og pedagogikk for korsang og orgelopplæring for barn og unge. Frå hausten har senteret 3 tilsette i tilSAMAN 60% stilling -Rolf Axelsen Lie 30% dageleg leiar, Jorun Merete Bø Kaasa, 20 % merkantil medarbeidar; Grete Sele; 10% fagleg ansvarleg. Senteret drives av eige styre med leiar Henrik Ødegaard som styreleiar. Sjå Kirkus.no for eige årsmelding.

Planar for nytt livssynsfleksibelt kapell på Bøhaugen

Det har vore ein lang prosess med å utvikle det eksisterande bygget med Tomaskapellet og kjølerom til nytt kyrkjebygg som er funksjonelt tilrettelagt for søndagsskulen, kyrkjekaffe, og konfirmanter, «Tru og Lys» og andre grupper som kan ha nytte av det. Planane er no klare for

Årsmelding Bø sokneråd 2022

ombygginga og det er planlagt ein ny fløy som skal innehalde kjølerom, toaletter, adkomst og eit lite kjøkken. Hovudendringa går ut på at det som tidlegare var verkstad og kjølerom blir eit livssynsfleksibelt forsamlingsrom, som kan nyttas til mellom anna til gravferder og vigsler. Kommunen har gitt tilsagn om betydeleg støtte til dette. Tomaskapellet blir bevart slik det er som ein kristen samlingstad som kan vere tilgjengeleg for alle til bønn og stillhet. Prosjektet synte seg å bli noko dyrare enn estimert, og bygginga blei difor ikkje igangsett i 2022. Det aller meste av prosjekteringen er imidlertid klar, slik at bygging kan skje så snart som mogeleg.

4 GUDSTENESTELIV

Det blei halde 62 gudstenester i Bø sokn i 2022, 33 med nattverd. Av desse var det 60 gudstenester i kyrkjene, 2 på Bø sjukeheim.

Det har i år vore fleire eigne dåpsgudstenester med dåp av konfirmantar der berre familien har vore til stades

Tru og lys hadde 5 gudstenester med nattverd i Tomaskapellet. Sjå punkt 8.2.

4.1 ULIKE GUDSTENESTER

Det blir halde fleire ulike gudstenester i Bø kyrkjelyd. Hovudgudstenestene i Bø er høgmesse. I tillegg har vi hatt:

6 familiegudstenester

7 kveldsgudstenester

1 samtalegudsteneste for konfirmantane

3 konfirmasjonsgudstenester

1 gudsteneste med skriftemål og nattverd på askeonsdag

1 minnegudsteneste

Gjennomsnittleg besøkstal for gudstenestene i kyrkjelyden 2022 var 79. Dette er noko lågare enn åra før pandemien.

Høgmesse

Høgmesse med nattverd er godt innarbeidd i vår kyrkjelyd. Til ei vanleg høgmesse utan dåp er det eit frammøte på ca. 40 personar

4.3 FAMILIEGUDSTENESTE

Familiegudstenestene er dei gudstenestene som famnar fleire generasjonar og som har størst oppslutning. Det er mange som kjem når barnekora eller «Give me five» deltek.

I år har det vore 6 familiegudstenester.



Årsmelding Bø sokneråd 2022

4.2 KVELDSGUDSTENESTE

Vi har hatt 7 kveldsgudstenester i 2022. Dei startar kl. 17, og har ei litt kortare liturgisk ramme med førbøn i starten av gudstenen. Oppmøtet har vore bra blant både unge og eldre. Konfirmantane har også blitt spesielt invitert til desse gudstenestene.

4.3 FRIVILLIG KLOKKARTENESTE OG POWERPOINTSTYRING

Frivillig klokkarteneste i Bø kyrkje vert utført av fire personar på rundgang. Det er berre ein friviljug som har ansvar for powerpoint, som tek seg av dette når vi brukar powerpoint i familie- og kveldsgudstenester.

5 GRAVFERD

Det ble halde 46 gravferder i 2022. Prest, organist og kyrkjetenar som møter dei sørgande i samband med seremonien, er opptekne av å gjennomføre gravferdene på ein verdig måte. Det same er kyrkjekontorets tilsette som legge til rette for gravferda administrativt.

6 VIGSEL

Det har vore 11 vigslar dette året med ca. 400 bryllaupsgjester.

7 TRUSOPPLÆRING

7.1 DÅPSSAMTALE OG DÅPSGUDSTENESTE

Dei fleste dåpssamtalene går føre seg heime hos familiane. Det er ein fin måte å bli kjend på. Familiane slappar ofte meir av heime, samt at dei slepp å reise ut med dåpsbarnet.

På dåpssamtala deler presten ut informasjon om trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, og dåpsbarnet får ein papiрengel med songen «Kjære Gud, eg har det godt». Under dåpsgudstenesta får kvart dåpsbarn ein barnebibel, og Give me Five har laga kvite duer som vi heng på «dåpstreet» i kyrkja for kvart barn som blir døypt. «Dåpstreet» skal minne kyrkjelyden på å be for borna som er døypte hos oss.

Vi er opptekne av at dei som blir døypte og familien skal oppleva at dei blir godt tatt imot av kyrkja, og vi inviterer dei med på det som skjer av aktivitetar og trusopplæringstiltak i kyrkjelyden, mellom anna babysong og musikkleik som er for dei aller minste.

7.2 BABYSONG OG MUSIKKLEIK (ALDER: 1 ÅR)

Babysang og Musikkleik har blitt godt innarbeida tiltak i kyrkjelyden. Dei er organisert som kurs under Korskulen, og vi tilbyr 8 samlingar vår og haust. På Musikkleik er det maks 12 barn saman med vaksen på kvar gruppe, og vi både vår og haust har det vore to parallelle grupper med tilnærma maks antall deltakarar. Vårsemesteret fekk ein noko utsett start på grunn av smittevernsrestriksjonar, men tok det tapte igjen utover våren.

Årsmelding Bø sokneråd 2022

På babysang er det ikkje antallsbegrensing, men som regel samlast ein gjeng på ca 10-12 vaksne med kvar sin baby. Tilboda blir annonsera i Bø blad og på helsestasjonen. Alle som vel dåp får også informasjon om desse tilboda i dåpssamtalen.

7.3 FAMILIEDAG PÅ JØNNBU FJELLYRKJE (ALDER: 3-5 ÅR)

Jønnbu Fjellkyrkje er ein flott stad å samle born og familiær. Trusopplæringstiltaket med skileik for 3-5 -åringar vart i 2022 avlyst p.g.a pandemien.

7.4 SØNDAGSSKULEN (ALDER: 3-9 ÅR)

Søndagsskulen er eit stort og viktig arbeid i vår kyrkjelyd, og den har ein flott og trufast gjeng med leiarar. Mange barn og familiær finn vegen til kyrkje når det er søndagsskule, og det er ca ein gong i månaden.

7.5 UTDELING AV 4-ÅRSBOK (ALDER: 4 ÅR)

Utdelinga av 4-årsboka er ein lang tradisjon i kyrkja. I år blei det gjort på ei felles gudsteneste med Sauherad og Nes kyrkjelyd på friluftsgudsteneste på Patmos. 6 barn frå Bø kom for å få boka. Det var ingen påmeldingar til 4-årskulen i 2022.

7.6 KARNEVALSGUDSTENESTE MED FØREBUANDE SAMLING. UTDELING AV 6-ÅRSBOK (ALDER: 6 ÅR)

Dette året, som forrige år, blei det ikkje halde nokon samling for 6-åringane, grunna låg påmelding. Alle 6-åringane som er døypte blei invitert med personleg brev, og påmeldinga lå enkelt tilgjengeleg på kyrkja si nettside.

Barnekora og Give med Five deltok uansett i ei flott karnevalsgudsteneste. Her var det mykje musikk og dramatisering av bibelforteljing med meir.

7.7 JULEFORESTILLINGER (ALDER: 7-8)

Det blei Luciamorgon i år, der SingLett og Seltin deltok saman med forteljar Helga Samset. Forestillinga blir annonsert i Bø blad og på nett, og er gratis for barn.

Etter forestillinga serverer korskulen frukost til alle fremmøtte, og heile arrangementet er ferdig før skulen startar på morgonen. God oppslutning både av korsongarar, familiær og andre.

7.8 ORGELKIDS-SAMLING (ALDER 9 ÅR)

Kirkelig kultursenter Sør (KIRKUS) har investert i eit lite modellorgel. Ved å annonsera i Bø blad og på nett, inviterte vi alle barn (og andre interesserte), til å komme til kyrkja som orgelbyggjarar i forbindelse med opninga av Kirkelig kultursenter sør (KIRKUS). Dei fekk også sjå, høre og sjølv prøve det store orgelet på galleriet, og det blei undervist litt om kyrkjemusikken og kva funksjon den har. Seinare er dette tenkt som eit opplegg for 9-åringane.

Årsmelding Bø sokneråd 2022

7.9 GIVE ME FIVE (MINIKONFIRMANTAR) (ALDER: 10-11 ÅR)

Give me Five er eit trusopplæringstiltak for femteklassingar etter skuletid på fredagar i deler av skuleåret. Vi har 10 samlingar på hausten og 12 på våren, i tillegg til at dei deltar på ein gudsteneste haust og vår. Det er og mange frivillige som er med og bidrar i ulik grad.

Våren 2022 var det ca. 15 deltakarar, og hausten 2022 ca. 22 deltakarar.

7.10 FORDJUPNING I BIBELGJENGEN (ALDER: 10-12 ÅR)

Bibelgjengen er eit alternativ for dei litt eldre borna når det er søndagsskule. Bibelgjengen hadde fire samlingar i 2020.

7.11 24-HOURS FESTIVAL (ALDER: 11-13 ÅR)

24-Hours Festival er eit konsept som Stiftinga Skjærgårdsgospel eig og driv. Det er ein 24-timars festival som er retta mot born frå 5.-7. klasse, og blir i Bø drifta i samarbeid mellom Bø pinsemenighet, Bø Normisjon og Bø kyrkje, samt kyrkjelydane i Nome, Sauherad og Seljord.

Skjærgårds har eit eige team med ansvar for musikk, forkynning, leiker og konkurransar. Dei har og med utstyr til dei forskjellege aktivitetane. Elles er vi avhengige av mange frivillige for å få festivalen til å gå rundt.

På grunn av pandemien blei denne festivalen ikkje arrangert i 2022.

7.12 MESTERNES MESTER (ALDER: 12 ÅR)

Det var tredje året Mesternes Mesternes blei arrangert for 6. og 7. klasse. Dette er eit dagsopplegg som i år blei gjennomført på uteområdet til Nes menighetshus på Gvarv. Det var 25 deltakarar frå heile kommunen, 22 av dei frå Bø sokn. Fleire ungdommar stilte opp som frivillige for å gjennomføre arrangementet. Diakon Helene Sele hadde andakt på 2 samlingar.

7.13 KONFIRMASJON (ALDER: 14-15 ÅR)

Konfirmantarbeidet i Bø kyrkjelyd har etter kvart fått ein meir tydeleg og gjennomarbeida struktur, etter nokre år med større og mindre endringar.

Frå og med 2016 har konfirmantane i Bø kyrkjelyd vore med i «Ønsket og Elsket» sitt konfiant- og leiartreningsopplegg.

Dei aller fleste konfirmantane er med på konfiantleiren på sommaren. Konfiantleiren finn stad på Gjennestad i Vestfold (og Telemark) i veke 26, fyrste veke i skuleferien.

Leiren vara frå måndag 27.juni til fredag 1.juli.

I tillegg til konfiantleir arrangerer «Ønsket og Elsket» eit par andre samlingar for konfirmantane gjennom året. «Konf. Kick-off» arrangerast for nye konfirmantar kvar vår med aktivitetar og informasjon om kva det vil seie å vere konfiant i Den norske kyrkja og Øvre Telemark prosti. «Konf. Treff» arrangerast i forkant av Fasteaksjonen kvart år, med turneringar og informasjon om innsamlingsaksjonen og Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

«Ønsket og Elsket» er likevel ikkje berre for konfirmantar. Dei driv og leiartrening for ungdom. Tidlegare konfirmantar som ynskjer å vere ungdomsleiarar på leir blir med på eit eige

Årsmelding Bø sokneråd 2022

leiartreningsopplegg med treffpunkt fleire gonger gjennom året. Dette var ein viktig grunn til at vi i Bø kyrkjelyd i 2016 ønskja å vere med på «Ønsket og Elsket» sitt konfirmantprogram. Slik kan vi legge til rette for opplæring og utvikling av ungdomsleiarar som kan ha ein positiv påverknad på anna ungdomsarbeid i soknet. Frå hausten 22 var det 7 ungdommar frå Bø sokn som var med i leiartreningsprogrammet.

Ved å delta i «Ønsket og Elsket» blir det noko færre lokale konfirmantsamlingar elles i året. Dette er ei sak med to sider. På den eine sida kan det vere positivt for konfirmantane og for rekrutteringa at det ikkje er for tett program gjennom året. På den andre sida står ein i fare for å miste noko av kontakten med eigne konfirmantar grunna færre jamlege treffpunkt gjennom året.

Ei utfordring vi alltid vil ha med oss: Korleis kan vi halde på det nære og personlege i konfirmanttida, og samstundes vere med på eit stort konfirmant- og ungdomsprogram som både er attraktivt for dei unge og knyt sokn og kyrkjelydar saman?

Etter pandemien blei «Fasteaksjonen» gjort på vanleg måte med dør til dør aksjon. Samtalegudsteneste blei halden i Bø kyrkje og konfirmantfesten blei halde på Bø bedehus i slutten av august. Konfirmasjonen var den fyrste helga i september.

7.14 SETT-UNGDOM-

Sett-Ungdom er ein ungdomsklubb med kristen profil, ope for alle frå 8. klasse og oppover. Vanlegvis vert samlingane halde på Bø bedehus. I tillegg prøvar vi å få til 2-3 turar i året. Sett-Ungdom er eit samarbeidsprosjekt mellom Bø Normisjon og Bø kyrkjelyd. Det er samling ein gong i månaden og som oftast på laurdagar

Styret består av ungdomane sjølve:

- Erle Jacobsen Iversen
- Henrik Romnes
- Sigrid Haugsjerd - styreleiar
- Ingrid Marie Stærk

I tillegg har Kristian Gotehus Køhn vore kontaktperson til styret frå vaksenleiarane. Halgeir Vreim er kasserar. Frå hausten 2022 har Axel Jørgen Bugge vore kontaktperson.

12 vaksenleiarar har vore med på samlingane i 2022.

Styret har hatt 5 styremøte og handsama 14 saker.

Aktivitet

Det har i meldingsåret vore fleire ungdomssamlingar/turar: Aking på Lifjell, aktivitetsdag på Sagavoll folkehøgskule, Grilling/sup-brett padling på Norsjø og julebord på Jønnbu, i tillegg til fleire vanlege ungdomsklubb kveldar på bedehuset. Det er 60 betalande medlemer i Sett-Ungdom i 2022, det same som i fjar. Det er kjøpt inn Switch-konsoll med spill og kontrollere og 9 Frisbee golf-kurver og discer.

Frivillig innsats

Alle aktivitetar til Sett-Ungdom er gjort med frivillig innsats av vaksne og ungdommar

Årsmelding Bø sokneråd 2022

I hovudsak er Sett- Ungdom eit frivillig arbeid, sjølv om sokneprest brukar noko arbeidstid på organisering og samlingar. I tillegg har Normisjon med Julie Marie Digranes Bøen i 20 % ungdom stilling som kontakt person mellom vaksne og ungdom. Det er om lag 11 vaksenleiarar som er med i ungdomsarbeidet, og som er med på å planlegge og arrangere samlingane. Arbeidet leiaast og koordinerast av kapellan/sokneprest.

7.15 KORARBEID OG ORGELKLUBB

Barnekorarbeidet og orgelkulbben fann tilbake til normalen i 2022, noko som var veldig godt for alt og alle! Vi opplever at to år med restriksjonar har påverka dei eldste borna, og vi må bygge opp litt på nytt med dei små, men barnekora og orgelklubben har god oppslutning med heile 167 barn frå 0-13 år som har vært aktive i kortare eller lengre peirodar i løpet av 2022. I tillegg til dette har alle babyer og deltakarane en føresett som også er medlem, så Korskulen er ein stor organisasjon, noko som blir lagt godt merkje til også utanfor Bø. I 2022 deltok ei eller fleire av barnekora på til samman 7 gudstenester i Bø kyrkje i tillegg til deltaking på påskekonsert og Luciamorgon. Dei eldste i Seltin deltok i tillegg som forsangerar på alle gudstenestene i adventstida.

Kyrkjekoret starta året med innøving og påfølgande urframføring i Bø kyrkje av påskeverket «Pascha Iuvenalis». Komponist Odd Johan Overøye og tekstforfattar Arve Brunvold var tilstades på konserten. På hausten hadde Kyrkjekoret prosjekt saman med Seljord songlag, og til slutt julekonsert i Bø kyrkje. Tilsaman 73 unike songarar deltok i Bø kyrkjekor i løpet av 2022.

Det er organist Rolf Axelsen Lie og Grete Hasselgård Sele som leiar og driv alle tilboda i Korskulen. Både korskulen og kyrkjekoret har eige styre og eigne årsmeldingar. (vedlagt soknerådets årsmelding)

8 DIAKONI

8.1 DIAKONIUTVAL

Det har vore 1 møte diaconiutvalet i 2022. Utvalet består av Inger Åse Sørnstebø, Randi Prestbakken Hegna, Ulf Vege og Axel Bugge.

Av faste diakonale tiltak nemner vi:

1. Påske- og julegudsteneste på arbeidssenteret DRIV for psykisk utviklingshemma. Sommer avslutning på Jønnbu med gudsteneste i kyrkja. Grilling av pølser og servering av is og brus utanfor Jønnbu Fjellkyrkje
2. Andakter på sjukeheimen frå januar til midten av juni og heile hausten i samarbeid med Normisjon og Soar. Andaktene er i kantina i 1. etasje for skjerma og «Tanke». Det positive i dette er at nesten alle frå Tanke- dagsenter kjem på andaktene i kantina, men noko færre frå skjerma avdeling. I andre etasje er andakten på C2 like ved omsorgsboligane og oppsluttinga har vore noko utstabil.

Årsmelding Bø sokneråd 2022

Frå Normisjon stiller Ulf Vege (talar) og Berit Sørbø/Øyvind Risa (organist). Frå Soar har det vore Sigrid Aksnes Stykken som deltek saman med frivillige fram til våren. Frå hausten overtok forstandar Dennis da Silva ansvaret for Soar.

Før sommarferien blei det halde ein konsert med kort andakt i hageamfiet på sjukeheimen med organist Bruno Hageman, solist Grete H. Sele, på saxofon Christel Barlaup og sokneprest Anne-Inger Lunner.

3. Tidlegare fekk dei som fylte 90 år få tilbod om blomar og besøk. Dette har blitt trappa ned på sidan det er for få til å gjennomføre tiltaket
4. Det er to som har fast organisert besøksteneste i kyrkjelyden .
5. Diakoniutvalet deltok på Fastaksjonen den 5. april.
6. Diakoniutvalet deltok med pynting og serving for 50 års konfirmantar den 24. april på Bø prestgard.

8.2 Tru og Lys

Tru og lys er eit gudstenestetilbod for psykisk utviklingshemma på søndagar i Tomaskapellet kl. 17. Det er ei lita gruppe som varierer med frå tre - sju brukarar med følgje kvar gong. Det var 5 samlingar i 2022, med nattverd, lystenning og kveldsmat. Organistar har vore Berit Sørbø og Øyvind Risa. Leiara er Signe Vreim Østtvit, Bente Klokkehaug, Kari Eika og Axel Bugge.

8.3 KIRKENS NØDHJELP

I 2022 vart det innsamling til Kirkens Nødhjelp. Innsamlingsaksjonen for konfirmantane vart gjennomført med godt resultat

Tysdag 5. april vart det samla inn 33.252 kroner på bøssene.

I tillegg kjem midlar samle inn med takkoffer og på VIPPS, tilsaman 92.485 kroner frå Bø kyrkjelyd.

8.4 Bøn for bygda

Bønn for bygda har samlingar kvar tysdag kl. 14.00-15.00 i Tomaskapellet. «Bøn for bygda» har ein fast bøneliturgi der målet er å be for og velsigna Bø-bygda og kyrkjas arbeid. Det har vore ei fast gruppe på ca. 2 -5 som har møtt trufast opp kvar tysdag.

9 MISJONSPROSJEKTET

Kyrkjelyden har dei siste åra hatt sitt misjonsprosjekt gjennom Normisjons misjonsarbeid i Kambodsja. Prosjektet Historymakers har som mål å hjelpe unge menneske til å utvikle sitt potensial. Hovudaktiviteten er å gje unge frå fattige landsbyar ein trygg bustad på internat for å kunne studere.

Årsmelding Bø sokneråd 2022

Det var 6 takkoffer til Misjonsprosjektet i 2022. Bø kyrkjelyd overførte kr. 27.000 til prosjektet.

10 GIVARTENESTE

Givartenesten i Bø kyrkjelyd har i 2022 samla inn kr.107.520.

Vi samlar nå inn til to tiltak. Det eine prosjektet er å samle inn midlar til trusopplæring. Dette er den største delen av givartenesta. Vi har også innsamling til ombygging av kapellet på Bøhaugen. Det er gledeleg å registrere at det er fleire som gir til givartenesta, og det kjem veldig godt med i arbeidet i kyrkjelyden.

11 KULTUR

I 2022 hende det store ting på kulturfronten, ved at Kirkelig kultursenter sør (KIRKUS) blei høgtidelig opna av leiaren for kirkerådet, Kristin Gunleiksrud Raaum i september.

KIRKUS blei til ved hjelp av oppstartsmidlar frå kirkerådet, og held til på kirkemusikarane sitt kontor på Bøhaugen. KIRKUS er et kirkelig senter for musikkpedagogikk og metodikk for barn og unge, og vil ha eit nært samarbeid med Ung Kirkesang, legge til rette for kurs og konferanser, søke etter musikkpedagogisk opplegg av kirkelig art for barn og unge, og opprette «Orgelkids Norge». Vi meiner eit senter er viktig for rekruttering til kirkemusikere og kulturarbeidere i Den norske kirke. KIRKUS hadde i 2022 tre tilsette i tilSAMAN 60% stilling, og blir drive som ein organisasjon med eige styre. Styreleiar er Henrik Ødegaard.

12 RÅDSARBEID

12.1 SOKNERÅDET

Soknerådet har i 2022 handsama 32 saker, og rådet består av følgande personar:

Leiar: Ulf Bruno Vege

Nestleiar: Randi Hegna Prestbakken

Medlem: Nils Ivar Agøy

Medlem: Ruth Hogstad Erikstein

Medlem: Ruth Olaug Telnes

Medlem: Jan Nikolai Boye

Medlem: Turid Nærdaal Haatveit

Medlem: Bjørnar Nesje

Medlem: Axel Jørgen Bugge

Varamedlem: Geir Sønstebo

Varamedlem: Anna Katarina Persdotter Miland Thomsen

Varamedlem: Bente Klokkehauge

Varamedlem: Anne-Lene Refsum

Varamedlem: Yngve Stokstad

12. mars 2022



Årsmelding Bø sokneråd 2022

12.1.1 Arbeidsutval

Arbeidsutvalets viktigaste oppgåve er å planlegge soknerådsmøta og håndtere hastesaker. I utvalet sit leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje. Det har vore møte etter behov.

12.2 KYRKJELEG FELLESRÅD

Midt-Telemark kyrkjelege fellesråd består Bjørnar Nesje (leiar), Tora Skjerkholt Aarnes (nestleiar), Åge Bjørnerud, Ruth Hogstad Erikstein, Asgeir Sele (prost) og Borgar T. Kaasa (kommunens representant). Varmedlemmar er Nils Ivar Agøy, Kjersti Versto Roheim, Jan Nikolai Boye, Gerd Astrid Grøthe Blaasvær, Anne Linger Lunner (vara geistleg representant) og Mette Haugholt (vara for kommunens representant).

12.03 UTVÅL

I 2021 har Bø sokneråd hatt fylgjande utval: trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, kulturutval (saman med Sauherad og Nes) og givartenesteutval.

13 INFORMASJONSARBEID

For å drive eit aktivt kyrkjelydsarbeid er det naudsynt med god informasjon til dei som ynskjer å nytte tilboda kyrkjelyden har. Vi informerer i hovudsak gjennom annonser i Bø blad, nettsida vår www.bokyrkje.no, Facebook, kulturguiden for Midt-Telemark og oppslag ved kyrkja. Informasjon om trusopplæringsstiltak blir som regel sendt ut via post i tillegg til nettsida. For å informere frivillige brukar vi sms og e-post. Påmelding til dåp og konfirmasjon skjer via heimesida eller ved telefonkontakt.

13.1 Bø Kyrkjeblad

I 2022 blei det gitt ut fire nummer av «Bø kyrkjeblad» på 28 sider med eit opplag på 3.300 nummer som blir distribuert av 30 frivillige. Kyrkjebladet blir tatt godt imot og lesne av mange. Bladet krev ein ekstra dugnad av frivillige omberer og av redaksjonen som er på seks personar. Det har vore lett å få til annonsørar og mange støtter bladet økonomisk, men bladet går med eit underskott på om lag 5000 kroner pr. nummer.

14. PERSONAL OG ØKONOMI

FELLESRÅDSTILSETTE

- Martin Stærk, kyrkjeverje i 100 % fram til 31.07.22 då han fekk permisjon ut året. Alf Rose Sørgaarden var tilsett som vikar i kyrkjeverjestillinga. Kyrkjeverjestillinga dekker både Bø sokn og Sauherad og Nes sokn.
- Rolf Axelsen Lie, organist/korleiar/Kirkusleder i 100 %
- Dagne Mo, sakshandsamar i 70% (40% lagt til fellesrådsoppgåver)
- Håkon Holtar, kyrkjegardsarbeidar i 60 %
- Per Johan Norvik, kyrkjetenar i 67 %
- Håkon Mæland, kyrkjetenar i 5,6 %

12. mars 2022



Årsmelding Bø sokneråd 2022

- Grete Sele, korleiar i 80 %
- Jorunn Kaasa
- Signe Vreim Østtveit, trusopplærar i 20 %

14.1 ØKONOMI

Rekneskapen for 2022 visar eit mindreforbruk på 93.675 kroner fordelt på dei einskilde avdelingane. Givartenesta har i 2022 bidratt med 107.520 kroner. Det har kome inn 4.750 kroner til ombygging av kapell, men fond og finansiering av dette prosjektet blei i fjor overført til fellesrådet.

Status for fond:

Soknerådet har 261.100 kroner på fond. Meirforbruket i 21, vart inndeikt mot avdelingsvise fond i rekneskapen for 2022.

